

# Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030



## Hafslo Idrettslag

### Innleiing

Hafslo IL har gjennomgått og revidert [organisasjonsplanen for 2023–2026](#), og på årsmøtet våren 2026 skal ny plan vedtakast for perioden 2026–2030. Planen byggjer vidare på erfaringar frå førre periode og skal vere eit styringsverktøy for aktivitet, økonomi og organisasjon. Målet er å sikre eit breitt og inkluderande idrettstilbod, med høg kvalitet både fagleg og sosialt, og å vidareutvikle idrettslaget som ein sentral aktør i lokalsamfunnet. Etter: [lov for Hafslo Idrettslag § 10 \(3\) nr.13](#) skal organisasjonsplanen vedtakast i årsmøte.

### Aktivitet

**Hovudmål:** Hafslo IL skal tilby aktivitetar tilpassa føresetnader og ambisjonar for den einskilde. Aktivitetane skal ha både fagleg og sosial verdi. Breiddeidrett skal vere grunnlaget, men idrettslaget skal òg legge til rette for satsing og utvikling av enkeltutøvarar og lag. Uorganisert aktivitet skal støttast og stimulerast. Økonomi skal ikkje vere noko hinder for å delta i aktivitetane våre.

#### Delmål:

- Tilbod til alle aldersgrupper og nivå.
- Auke talet på trenarar med formell utdanning.
- Styrke samarbeid med andre lag og organisasjonar.

#### Tiltak:

- Rekruttere ungdom til tillitsverv og trenaroppgåver.
- Legge til rette for kurs og kompetanseheving.
- Vedlikehalde og vidareutvikle eigne idrettsanlegg.
- Delta aktivt i utviklinga av anlegg, mellom anna på Sogn Skisenter.
- Støtte uorganiserte aktivitetar og lågterskeltilbod.
- Redusere generelt fråfall frå idrett og aktivitet.
- Sikre tilstrekkeleg trenarkapasitet.
- Halde god standard på anlegg.

### Økonomi

**Hovudmål:** God økonomistyring som sikrar eit inkluderande aktivitetstilbod. Medlemskontingent og treningsavgifter skal vere på eit nivå som ikkje ekskluderer nokon.

#### Delmål:

- Auke medlemstalet.

# Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030



- Oppretthalde dugnadsinnsatsen.
- Styrke samarbeidet med næringslivet.

## Tiltak:

- Aktiv medlemsverving.
- Målretta arbeid for å behalde og skaffe nye sponsorar.
- Informere om verdien av dugnadsinnsats.
- Sikre stabile inntektskjelder
- Sikre gratis tilgang til kommunale bygg og anlegg.

## Hovudstyret i Hafslo idrettslag

**Hovudmål:** Ha ein målretta organisasjonsplan som styringsverktøy for laget.

## Delmål:

- Rekruttere nye tillitsvalte.
- Sikre god informasjonsflyt internt og eksternt.

## Tiltak:

- Utarbeide klare arbeids- og ansvarsfordelingar i særgruppene.
- Vedlikehalde og vidareutvikle heimeside og sosiale medium.
- Publisere aktivitetar på heimeside og aktuelle sosiale media
- Gjere styringsdokument tilgjengelege for alle tillitsvalde.

Styret i Hafslo IL har det overordna ansvaret for drift og utvikling av laget mellom årsmøta. Det vert halde styremøte om lag ein gong kvar månad, og utvida styremøte med gruppeleiarane annakvar månad. Arbeidet skjer i tråd med lov for Hafslo Idrettslag og gjeldande vedtekter. Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinært årsmøte i samsvar med lovnorma for idrettslag.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar, så har styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjettrammer vedtekne på årsmøtet.

## Styret er samansett av desse verva:

- Leiar
- Nestleiar
- Sekretær
- Økonomikontakt/kasserar

# Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030



- Styremedlem 1
- Styremedlem 2
  - o varamedlem (fast møtande, utan stemmerett)
  - o varamedlem

## Arbeidsoppgåver og ansvar:

### Leiar

- Kalle inn til årsmøte, medlemsmøte og styremøte
- Samordne drift og ha kontakt med overordna organ innan idrett og offentlig verksemd
- Representere laget og ha kontakt med valnemnda
- Følgje opp vedtekter og fristar for søknader og rapportering til kommune, krins og forbund
- Ha kontakt med hovudsponsorar og forhandle sponsoravtalar
- Ansvar for heimeside og sosiale medium
- Utarbeide årsmelding, revidere handlingsplan og anleggsplan

### Nestleiar

- Ivareta leiaren sine oppgåver ved frávær
- Utføre delegerte oppgåver frå leiar
- Vere utdanningskontakt og pådrivar for kursverksemd
- Ansvarleg for haustmarknaden

### Sekretær

- Føre møtebok og sende ut referat
- Arkivere referat frå møta årleg
- Sende rapportar til overordna organ
- Bidra i arbeidet med årsmelding

### Økonomikontakt/kasserar

- Ha kontakt med rekneskapskontor, sende bilag og betale rekningar
- Ha økonomisk oversikt og rapportering gjennom Orgbrain styringsportal
- Sende søknader om kommunale og andre tilskot saman med leiar
- Reforhandle sponsorskilt og bidra til nye sponsoravtalar

### Styremedlem 1

- Ha kontakt med sponsorar og forhandle avtalar saman med leiar

# Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030



## Styremedlem 2

- Materialforvaltar
- Medlemsverving og ansvar for medlemsoversikt
- Administrere treningsavgift i Min Idrett
- Fordele tider i gymsalen

## Varamedlem

- Administrere kjøp og sal av klede og sponsormerke til klubbkolleksjonen i samarbeid med leiar

Arbeidsoppgåver og ansvar kan justerast innad i styret etter behov og i tråd med tilgjengelege ressursar i løpet av valperiodane.

## Særgrupper i Hafslo idrettslag er

- **Stadionstyret:** Har ansvar for drift av idrettsanlegg i Moane og ved skulen, og legg til rette for aktivitet ved desse.
- **Barneidrettsgruppa:** Heilårleg og variert aktivitetstilbod til born 0–11 år, med årshjul og tett samarbeid med særgrupper.
- **Trimgruppa:** Tilby uorganisert aktivitet gjennom trimbøker og arrangement, vere eit lågterskeltilbod.
- **Fotballgruppa:** Stille lag i alle aldersgrupper, utdanne fleire trenarar og dommarar, styrke rekruttering til seniorlaget.
- **Handballgruppa:** Stille lag i ulike aldersgrupper, utdanne fleire trenarar og dommarar, ivareta aktivitet.

## Stadionstyret

Stadionstyret har ansvar for drift og vedlikehald av idrettsanlegga i Moane og ved skulen. Styret sørgjer for at baner, løpebaner, lysanlegg og garderobefasilitetar held god standard. Det koordinerer bruken av anlegga mellom særgruppene og legg til rette for både organiserte og uorganiserte aktivitetar. Stadionstyret har tett samarbeid med kommunen og idrettsrådet for å sikre framtidig utvikling av anlegga. Økonomien er basert på tilskot, dugnadsinnsats og samarbeid med sponsorar, medan utfordringa er å halde anlegga oppdaterte og tilpassa nye behov.

## Tiltak aktivitet:

- Lage gode planar for vedlikehald.
- Ha gode samarbeidspartnerar.

# Organisasjonsplan Hafslø IL 2026–2030



- Kvalitetssikring av sesongtilsette.

## Tiltak økonomi:

- Jobbe tett saman med hovudstyret
- Smart vedlikehald og lønnsam fornying av utstyr.

## Barneidrettsgruppa

Barneidrettsgruppa gir born frå 0–12 år eit variert og heilårleg aktivitetstilbod med fokus på leik, grovmotorikk og introduksjon til ulike idrettar. Gruppa samarbeider tett med særgruppene og nyttar eit årshjul som sikrar breidde og kontinuitet. Har mellom anna hovudansvar for skicupen i samarbeid med dei andre skigruppene. Utfordringar er å skaffe nok kvalifiserte instruktørar og å unngå konkurranse om dei yngste mellom ulike grupper. Økonomien er enkel, med låge utgifter og avhengigheit av tilskot frå hovudstyret.

## Tiltak aktivitet:

- Lage årshjul for aktivitetar.
- Motivere foreldre til instruktørrollar.
- Fokus på grovmotorikk og introduksjon til ulike idrettar.

## Tiltak økonomi:

- Aktiv deltakarverving.
- loddsal og småarrangement.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup som alternativ for foreldre og medlemmar.**

## Trimgruppa

Trimgruppa tilbyr uorganisert aktivitet for alle aldersgrupper, med trimbøker og stolpeaktivitet som stimulerer til aktivitet gjennom året. Gruppa samarbeider med andre grupper om ulike arrangement og aktivitetar. Tilbodet er lågterskel og rettar seg i stor grad mot medlemmar som ikkje deltek i organiserte idrettar. Økonomien er basert på deltakaravgifter som dekkjer premiering og drift. Utfordringa er å halde oppe deltakinga og motivere fleire til å bruke tilbodet.

## Tiltak aktivitet:

- Utvide lågterskeltilbod som inkluderer mange. T.d. Idrett for Alle.

## Tiltak økonomi:

# Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030



- Deltakaravgifter.
- Dugnad ved arrangement.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup som alternativ for medlemmar.**

## Fotballgruppa

Fotball er tradisjonelt den største aktiviteten i Hafslo IL og har lag frå miniputt til seniornivå. Det er stor aktivitet blant dei yngste, og foreldre bidreg aktivt som trenarar og oppmenn. Gruppa legg stor vekt på trivsel, gode haldningar og eit inkluderande miljø. Utfordringar er fråfall på ungdomsnivå og svak rekruttering til seniorlaget. Kompetanseheving for trenarar og dommarar er eit prioritert område, og økonomien er solid gjennom dugnadsinnsats og arrangement. Fotballgruppa har ein Sportsplan som styringsverktøy og eit hjelpemiddel for fotballgruppa, trenarar og lagleiarar. Den skal gje retningsliner for den sportslege aktiviteten i klubben, og den skal vere med å skape eit trygt og utviklande miljø for klubb, spelarar, trenarar, foreldre og dommarar i positiv retning.

### Tiltak aktivitet:

- Minst to trenarar per lag.
- Kartleggje kompetansebehov.
- Oppmode foreldre til trenar-/oppmannsrollar.
- Samarbeid med andre klubbar ved behov.

### Tiltak økonomi:

- Aktiv dugnadsinnsats.
- Målretta sponsorarbeid.
- Arrangere turneringar og kampdagar.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup som felles innsatsområde.**

## Handballgruppa

Handballgruppa tilbyr aktivitet for både barn og ungdom og vaksne, med lag i fleire aldersklassar. Gruppa legg vekt på trivsel, lagånd og fysisk aktivitet, og gir eit godt sosialt miljø både på trening og i kamp. Det er stor aktivitet blant dei yngste, og foreldre bidreg som trenarar og oppmenn. Utfordringar er å halde på ungdom i alderen 15–19 år. Tiltak inkluderer rekruttering av nye spelarar, kompetanseheving for trenarar og samarbeid med andre klubbar i regionen. Økonomien er basert på medlemsavgifter, tilskot og dugnadsinnsats, som viktige inntektskjelder. Handballgruppa er ein forholdsvis ny del av Hafslo IL sitt breiddeidrettstilbod men bidreg til å styrke fellesskapet i klubben.

# Organisasjonsplan Hafslø IL 2026–2030



## Tiltak aktivitet:

- Minst to trenarar per lag.
- Kartleggje kompetansebehov.
- Oppmode foreldre til trenar-/oppmannsrollar.
- Samarbeid med andre klubbar ved behov.

## Tiltak økonomi:

- Aktiv dugnadsinnsats.
- Målretta sponsorarbeid.
- Arrangere turneringar og kampdagar.
- **Bidra med dugnad på Lerum Cup.**

## Hoppgruppa

Hoppgruppa gir tilbud til alle som ønskjer å hoppe på ski, både breidde og satsing. Nærleiken til Sogn Skisenter gir gode treningsmoglegheiter. Gruppa har positiv rekruttering blant dei yngste, men utfordringar med å halde på ungdom i alderen 15–19 år. Foreldre bidreg sterkt med dugnad, køyring og arrangement. Økonomien er avhengig av dugnad og tilskot, men inntektene frå arrangement er avgrensa.

## Tiltak aktivitet:

- Utdanne instruktørar.
- Arrangere treningssamlingar og smørjekurs.
- Samarbeid med andre skigrupper.

## Tiltak økonomi:

- Dugnad.
- Arrangere renn og kurs.
- Søkje tilskot frå kommune og krins.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup-dugnad for å styrke økonomien.**

## Langrennsgruppa

Langrennsgruppa tilbyr aktivitet for alle som vil gå på ski, frå mosjon til satsing. Gruppa har god rekruttering blant dei yngste og eit godt samarbeid med Sogn Skisenter. Utfordringar er å halde på ungdom i alderen 15–19 år. Tiltak inkluderer

# Organisasjonsplan Hafslø IL 2026–2030



onsdagscup, smørjekurs og treningssamlingar. Økonomien er basert på dugnad og renn inntekter, men behovet for tidtakarutstyr krev investeringar.

## Tiltak aktivitet:

- Utdanne instruktørar.
- Arrangere samlingar og kurs.
- Styrke samarbeid med andre langrennsgrupper.

## Tiltak økonomi:

- Dugnad.
- Arrangere renn.
- Setje av midlar til tidtakarutstyr.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup som felles tiltak.**

## Alpin og friskigruppa

Alpingruppa gir tilbod til dei som driv med alpin skiaktivitet, i form av trening og arrangement på Sogn Skisenter. Gruppa har hatt god og aukande deltaking. Mange foreldre stiller opp, og fleire trenarar har T1-kurs. Tiltak inkluderer rekruttering av trenarar frå eiga gruppe, foreldreinvolvering og felles aktivitetar. Økonomien er avhengig av dugnad og tilskot.

## Tiltak aktivitet:

- Rekruttere trenarar.
- Stimulere foreldre til deltaking.
- Lage felles aktivitetar på Sogn Skisenter.

## Tiltak økonomi:

- Dugnad, sponsing.
- **Dugnadsdeltaking på Lerum Cup som felles tiltak.**